



Tiltaksplan for katalogisering av samlingane

Ryfylkemuseet 2011

Utarbeidd av Trygve Brandal

Godkjent av styret i møte 16. mars 2011

Innhald

| | <u>Side</u> |
|---|-------------|
| Innleiing | 1 |
| Samlingane ved Ryfylkemuseet | 2 |
| Gjenstandane | 4 |
| Foto | 9 |
| Reprofoto | 10 |
| Digitale kopiar av innlånte foto | 11 |
| Originalfoto | 11 |
| Spesialsamlingar | 11 |
| Eigne opptak | 13 |
| Gjenstandsfoto | 14 |
| Lydband | 14 |
| Videoband | 14 |
| Privatarkiv | 15 |
| Prosjektarkiv | 15 |
| Aviser og klipparkiv | 16 |
| Folkemusikkarkivet | 16 |
| Oversyn over tiltak for katalogisering ved museet 2011-2014 | 18 |
| Samandrag arbeidsomfang 2011-2014 | 20 |

Innleiing

Dette er ei revidering av planen for katalogisering av samlingane frå 2004. Sidan den tid har det blitt sett inn ein god del ressursar ved museet for å minka etterslepet på katalogisering. Særleg når det gjeld katalogisering av gjenstandar har vi kome mykje lenger no enn vi var då. Men vi har også fått ny tilvekst av alle typar dokumentasjonsmateriale, og også det skal katalogiserast. Sidan 2004 har vi også skaffa betre oversyn over gjenstandsmaterialet ved bygdemusea, og ein del av dette har blitt katalogisert. Samla sett reknar vi at vi har dobbelt så mange gjenstandar i våre samlingar no i 2011 som vi hadde i 2004. Talet på foto har auka med nesten 60 prosent. Denne kraftige auken set krav til innsats på katalogisering for å halda seg på eit tilfredsstillande nivå.

Museet sine samlingar spenner over eit breidt register og omfattar bygningar, farty og båtar, gjenstandar, foto, lyd- og filmopptak, arkivmateriale, bøker i biblioteket og også levande frukttre. I denne tiltaksplanen skal vi i hovudsak konsentrera oss om katalogisering av gjenstandar, foto og arkivmateriale. Det er her vi har størst samlingar og her vi prioriterer katalogiseringsinnsatsen.

Samlingane ved Ryfylkemuseet

Ryfylkemuseet har bygt opp ei betydeleg samling av materiale. Det er tale om bygningar, farty, gjenstandar, foto, lydband, videoband, papirmateriale, naturhistorisk samling og bibliotek. Grovfordelinga går fram av tabellen.

Tabell 1: Samlingane ved Ryfylkemuseet.

| | |
|-----------------------|---------------|
| Kulturhist. bygningar | 73 stk. |
| Farty og båtar | 13 stk. |
| Gjenstandar | 19 500 stk. |
| Foto | 95 000 stk. |
| Lydband | 1076 stk. |
| Video og film | 157 stk. |
| Papirarkiv | 77 hyllemeter |
| Naturhist. samling | 130 frukttre |
| Bibliotek | 3200 bøker |

Ryfylkemuseet er eit stort bygningsmuseum med 73 bygningar i si forvaltning. Museet er eigar av dei fleste bygningane, men enkelte stader er det grunneigar eller kommune som er eigar. Dei fleste bygningane ligg i dei tre indre Ryfylkekommunane, og fordeler seg med 14 bygningar i Sauda kommune, 46 i Suldal kommune og 10 i Hjelmeland kommune. I tillegg har vi ein bygning på Rennesøy, ein på Kvitsøy og ein i Forsand. I bygningsarkivet har museet teikningar og oppmålingar av dei fleste bygningane. Dei 13 bygningane på Li i Suldal er rekna med. Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune kjøpte garden Li med bygningar og inventar i 2009. Ryfylkemuseet har ansvar for forvaltning og drift av Litunet.

Det flytande fartyet "Brødrene" er den mest verdifulle og påkosta "gjenstanden" i museet si eige. Jekta vart overteken i 1997 og gjennomgjekk ei omfattande restaurering ved Hardanger Fartøyvernenter i Norheimsund fram til 1999. I tillegg til "Brødrene" eig museet 12 åpne robåtar av ulik storleik. Desse er plasserte på Sand, på Kolbeinstveit og i Viga.

Museet har i si eige ca. 19 500 gjenstandar med smått og stort. Vi er eit desentralisert museum, og gjenstandane er plasserte på 20 ulike stader i sju kommunar. I Forsand er Forsand bygdemuseum si samling plassert i eit kjellarrom på kommunehuset. I sjøhuset i Bergevik, som kommunen leiger på langtidsbasis, er det gjenstandar i ei sjøbruksutstilling, og der er også sett inn gjenstandar frå ein skomakarverkstad. I Hjelmeland har vi gjenstandar i Vigatunet og i Hjelmeland bygdemuseum i Hjelmelandsvågen. I Viga er det grunneigaren på garden som er eigar av gjenstandane. Men vi har katalogisert dei og vonar på ein utveg til å kunne overta eigedomsretten. I Suldal kommune har vi gjenstandar plassert på seks ulike stader. Det er ved museet sitt hovudsete på Sand, der vi har gjenstandar i utstilling, i magasin og i lagerhallen, på Kolbeinstveit, på Røynevarden og i Kvednahola, på Håland i Erfjord og på skulemuseet på Jelsa. I Sauda er det samlingar tre stader: på Sauda Museum i sentrum, på Industrierbeidarmuseet i Åbøbyen og på Jonegarden på Hustveit. På Finnøy har Finnøy bygdemuseum lokale i andre etasje i det tidlegare meieribygget på Judaberg, som også hyser biblioteket. I Rennesøy har vi gjenstandar på tre stader: I utstilling i Bibmus på kulturhuset, i huset på husmannsplassen Bakken og på Mosterøy bygdemuseum, som har lokale på loftet på gamle Mosterøy skule. Her er klimaforholda ikkje gode, og det er planen å flytta samlinga til magasinet på Åmøy i 2011. På Kvitsøy er det samla inn gjenstandar under oppbygginga av Kvitsøy hummermuseum. Dei fleste er utstilte der.

Museet har også lagra mange gjenstandar i fellesmagasinet på Åmøy, der vi disponerer ein lagerhall med optimale lagringsforhold for gjenstandar med omsyn til klima og brann- og tjuverifare. Dei største gruppene her er gjenstandar frå Erfjord bygdemuseum og frå samlinga etter Johs. Rasmussen på Sand.

Fotosamlinga er plassert i museet sitt arkiv på Sand. Alt i alt tel samlinga ca. 95 000 foto, fordelt på kulturhistoriske foto, spesialsamlingar, dokumentasjonsfoto med egne opptak gjennom 30 års museumsdrift og foto av museet sine gjenstandar.

Av lyd-media har museet 1076 band, fordelt på kassetband med intervjuopptak samt spoleband, dat-kassettar, mc-kassettar, arbeidskassettar og minidiskopptak i tilknytning til folkemusikkarkivet.

Samlinga av video- og filmopptak er ikkje omfattande. Ho tel 157 nummer. Ein del av desse er opptak av dans, song og spel til Folkemusikkarkivet. Dei resterande er anten egne opptak knytta til museumsdrifta, kopiar av innslag på NRK-lokale med referanse til museet eller eldre filmopptak som er spelte over på video.

Papirarkivet fyller ca. 108 hyllemeter. Då er det rekna med privatarkivmateriale avlevert til museet, dokumentasjonsmateriale samla av museet i samband med ymse prosjekt som har resultert i utstillingar og/eller publikasjonar, klipparkiv, notar og tekstar i folkemusikkarkivet. Museet sitt saksarkiv er ikkje rekna med her.

Den naturhistoriske samlinga med kring 130 frukttre (eple, pære, plomme og moreller) i Vigatunet vart planta i 1989-1990 og i 2005-2008. Hagen vert driven i samarbeid med Norsk genressurscenter.

Biblioteket ved museet har ca. 3200 bøker. I tillegg kjem ei stor samling med årbøker frå bytesamband med andre museum og institusjonar.

Overordna målsetting for samlingane

Frå staten si side er musea sitt arbeid med å få betre oversyn over samlingane høgt prioritert. I statsbudsjettet for 2011 er følgjande mål formulert under Forvaltning:

Museenes samlinger skal sikres og bevares best mulig for ettertiden og gjøres tilgjengelig for publikum og for forskning, bl.a. gjennom gode sikrings- og bevaringsforhold samt prioritering og koordinering av samlingene.

Den overordna målsettinga for samlingane ved Ryfylkemuseet, slik ho er nedfelt i Handlingsprogram 2011-2014 under punkt 3.2 Delmål om bevaring, er følgjande:

Ryfylkemuseet skal ha god ivaretaking av og god orden på dei bygningar og samlingar museet har hand om.

Under Strategiar heiter det i punkt 3.2.3:

Museet skal ha ein databasert katalog over samlingane av gjenstandar, foto og arkivalia.

Gjenstandane

Gjenstandsmassen ved Ryfylkemuseet har blitt bygt opp gjennom ein lang prosess. Då museet vart etablert som regionmuseum for Ryfylke i 1981, fekk ein overdrege bygningar og samlingar som Rogaland Folkemuseum hadde hatt i Ryfylke. Det galdt hus med gjenstandar i på Kolbeinstveit, Røynevarden og Kvednahola i Suldal samt tre hus på Håland i Erfjord og så Vigatunet i Hjelmeland. I Vigatunet var det slik at bygningane i første omgang hadde blitt kjøpte av Hjelmeland kommune, som så overdrog eigedomsretten til Rogaland Folkemuseum. Husinventar og gjenstandar følgde ikkje med i handelen. Dei skulle framleis tilhøyra grunneigaren på garden, og slik er situasjonen framleis. Men museet vonar på at det skal la seg gjera å få ein avtale med grunneigaren i Viga, slik at også gjenstandane i dei gamle bygningane i Vigatunet vert museet sin eigedom.

Utover på 1980-talet skulle Ryfylkemuseet få hand om fleire bygningar og samlingar. I 1982 testamenterte Olga Oppedal det meste av inventaret i hovudbygningen på Barkeland til Rogaland fylkeskommune. Fylkeskommunen overlet ansvaret for samlinga til Ryfylkemuseet. Året etter vart samlingane i Erfjord bygdemuseum, som talde vel 1500 gjenstandar og var samla i tre skulehus i Vik i Erfjord, overdregne til museet.

I 1984 skulle mykje skje. Soknepresten i Jelsa, som styrar for Den Riibergske Stiftelse, utferda brev til museet med løyve til å disponera det gamle skulehuset på Jelsa til museumsformål. Etter initiativ frå personalet ved Jelsa skule var det skipa eit skulemuseum i huset. Ei stor privat samling på Sand, tilhøyrande Johs. W. Rasmussen, vart kjøpt av museet med støtte frå så vel offentlege som private sponsorar.

Også i Sauda fekk museet eit gjennombrøt dette året. Ved ei gåve frå smelteverket via Sauda kommune fekk vi overta huset i Haakonsgate 51-53 i Åbøbyen, og der fekk Industrierbeidarmuseet plass. Gjenstandar til husværa kom til i løpet av dei følgjande åra inn ved gåver frå bygdafolk. Samtidig som museet fekk overdrege huset i Åbøbyen, fekk ein også den kommunale gjenstandssamlinga etter kulturminnenemnda i Sauda og ei løe i Slettedalen. I åra etterpå er det i regi av kulturkontoret i Sauda og ein lokal medarbeidar teke inn mange andre gjenstandar, som er plasserte saman med samlinga etter kulturminnenemnda i det som er kalla Sauda museum i lokale i Sauda sentrum. I 1989 fekk museet eigedomsrett til bygningar og inventar på Jonegarden på Hustveit. Her vart det inngått avtale om driftssamarbeid med Sauda kommune, Fylkesmannen i Rogaland og Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd.

Museumsreforma som Kultur- og kyrkjedepartementet sette i verk frå 2002 stimulerte til danning av såkalla konsoliderte museumseiningar i høvelege regionar. I vår region skjedde det at dei fleste kommunale bygdemusea vart fusjonerte med Ryfylkemuseet gjennom avtalar med kommunane. Dermed vart gjenstandssamlingane til bygdemusea eit ansvar for regionmusea. Dette har bydd på store utfordringar, sidan både oppbevaringsforholda for gjenstandane og katalogiseringstilstanden har vore sterkt varierende. Fleire kommunar har deponert gjenstandane i bygdemuseet til Ryfylkemuseet og beheld på den måten eigedomsretten.

På Kvitsøy har vi drive ei målretta innsamling av gjenstandar til bruk i utstillingar på Kvitsøy hummermuseum. Museet held til i eit sjøhus på Grønningen og har utstillingar i tre etasjar. Desse vart opna i 2006, 2007 og 2009.

To større tilvekstar fekk vi i 2009. Den eine var innbu og utstyr i huset etter Ruth Kvæstad i Suldal, som vi fekk i testamentarisk gåve. Den andre var gjenstandsmassen på garden Li i Hylsfjorden, som vart kjøpt av fylkeskommunen og Suldal kommune, og der forvaltinga vart lagt til Ryfylkemuseet.

Ved sida av tilveksten til gjenstandssamlingane som dei ovanfor nemnde akvisisjonane representerer, har museet årleg fått gjenstandar som gåver frå folk i regionen. Mykje av det har kome frå Sand, og det er tale om både noko større og mindre samlingar og enkeltgjenstandar.

Som resultat av dei gjenstandane som museet fekk i heimanfylgje ved opprettinga i 1980 og den tilveksten som har vore gjennom tre tiår seinare, rår museet i dag over ein gjenstandsmasse som nærmar seg 20 000 i tal.

Tabell 2: Gjenstandar ved Ryfylkemuseet, fordelt geografisk og etter katalogiseringsnivå.

| KOMMUNE | STAD | TAL GJEN- STANDAR | AV DESSE | | |
|--------------------------------|---|----------------------|----------------|------------------|------------------|
| | | | REGIST RERT | KATALO GISERT | KAT. I PRIMUS |
| Forsand | Forsand b.mus. (D) ¹ | 700 | 0 | 640 | 0 |
| | Bergevik, sjøhuset | 500 | 0 | 0 | 0 |
| Hjelmeland | Viga ² | 2192 | 2192 | 2192 | 2170 |
| | Hjelmeland b.mus. (D) | 1688 | 1348 | 1348 | 1346 |
| | Årdal b.mus., Høiland ³ (D) | 591 | 225 | 229 | 210 |
| Suldal | Håland | 854 | 854 | 854 | 854 |
| | Jelsa skulemuseum | 67 | 0 | 0 | 0 |
| | Sand ⁴ | 2221 | 2221 | 1301 | 1301 |
| | Kolbeinstveit | 1211 | 1211 | 1211 | 1211 |
| | Røynevarden | 359 | 359 | 359 | 359 |
| | Kvednahola | 44 | 0 | 0 | 0 |
| | Li ⁵ (D) | 988 | 988 | 988 | 0 |
| Sauda | Hustveit | 527 | 527 | 527 | 527 |
| | Industriarb.museet | 539 | 539 | 489 | 539 |
| | Sauda museum | 1227 | 1227 | 186 | 186 |
| Finnøy | Finnøy bygdemuseum (D) | 1700 | 1669 | 1669 | 0 |
| Rennesøy | BibMus, Kulturhuset | 165 | 0 | 0 | 0 |
| | Bakken | 100 | 0 | 0 | 0 |
| | Mosterøy b.mus. | 455 | 455 | 0 | 0 |
| Kvitsøy | Hummermuseet (D) | 348 | 348 | 0 | 0 |
| Magasinet Åmøy ⁶ | Åmøy | 3084 | 2784 | 2784 | 2784 |
| SUM | | 19560 | 15959 | 13789 | 11487 |

Merknad: Strand bygdemuseum er ikkje med i oversynet. Dei er framleis ein frittstående institusjon utan tilknytning til Ryfylkemuseet. Det har vore førebels kontakt om muleg tilslutning til Ryfylkemuseet. Det kan bli aktuell politikk framover. Strand bygdemuseum har om lag 1700 gjenstandar. Desse er registrerte og merka, men ikkje katalogiserte i Primus.

¹ D: Gjenstandane er deponert til Ryfylkemuseet. Eigedomretten ligg hos den respektive kommunen.

² Grunneigar på garden står som eigar av gjenstandane.

³ Samlinga vart huslaus i Årdal i 2010 og måtte flyttast til Sand. Ein del av gjenstandane vart kasserte pga. dårleg tilstand.

⁴ I utstilling på Nesasjøhuset, i magasin i nybygget og i lagerhall på Gardaneset.

⁵ Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune er eigarar av garden Li med bygningar og inventar.

⁶ Dei største gruppene her er gjenstandar frå Erfjord bygdemuseum og frå samlinga etter Johs. Rasmussen på Sand.

Mål for katalogisering av gjenstandar:

Ryfylkemuseet skal ha ein databasert katalog over gjenstandane med digitale foto av kvar gjenstand.

Tilstand katalogisering

Tabell 3: Tilstand for katalogisering av gjenstandane ved Ryfylkemuseet.

| <u>Samling</u> | <u>Antal gjenst.</u> | <u>Liste- førte</u> | <u>På NKKM-kort</u> | | <u>Sum</u> | <u>Annan avfoto- grafering</u> | <u>Avfoto- graferte i alt</u> | <u>Lagt inn i Primus</u> |
|----------------------|----------------------|---------------------|---------------------|-------------|--------------|--------------------------------|-------------------------------|--------------------------|
| Forsand bygdemus. | 700 | 640 | 0 | 640 | 640 | 0 | 0 | 0 |
| Sjøhuset i Bergevik | 500 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Viga | 2192 | 0 | 0 | 2192 | 2192 | 2170 | 2170 ⁷ | 2170 |
| Hjelmeland b.mus. | 1688 | 0 | | | 1688 | 1027 | 1027 | 1346 |
| Årdal b.mus. | 591 | 225 | | 229 | 229 | 0 | 0 | 210 |
| Jelsa skulemuseum | 67 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kolbeinstveit | 1211 | 1211 | 623 | 46 | 669 | 160 | 783 | 1211 |
| Røynevarden | 359 | 285 | 0 | 0 | 0 | 285 | 285 | 359 |
| Kvednahola | 44 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Erfjord b.museum | 1579 | 1579 | 0 | 0 | 0 | 1227 | 1227 | 1579 |
| Rasmussen-samlinga | 716 | | | | | | 683 | 716 |
| Barkeland | 457 | 0 | 457 | 0 | 457 | 0 | 457 | 457 |
| Li | 988 | 0 | 988 | 0 | 988 | 0 | 988 | 0 |
| Hustveit | 527 | 527 | 0 | 0 | 0 | 420 | 420 | 527 |
| Industriarb.museet | 539 | 539 | 76 | 0 | 76 | 324 | 400 | 539 |
| Sauda museum | 1227 | 1227 | 0 | 0 | 0 | 400 | 400 | 186 |
| Finnøy b.mus. | 1700 | 1669 | 1469 | | 1469 | 200 | 1669 | 0 |
| BibMus, Rennesøy | 165 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bakken | 100 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mosterøy b.mus. | 455 | 455 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kvitsøy hummermus. | 348 | 0 | 0 | 348 | 348 | 0 | 0 | 0 |
| Annan tilvekst 81-09 | 2772 | 2772 | 1960 | 200 | 2160 | 0 | 2160 | 2237 |
| Diverse, Åmøy o.a. | 635 | 635 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 19560 | 11764 | 6256 | 5343 | 11599 | 6213 | 14829 | 11837 |

⁷ Foto ikkje lagt inn i Primus.

Den enklaste måten gjenstandane i ei samling er registrerte på, er i form av ei enkel akvisisjonsliste (maskinskriven eller handskreven), med nummer, nemning (kva slags gjenstand det er), eventuelt datering, og namn på gjevar. Slike lister finst det for størsteparten av gjenstandane våre, men for Kvednahola, Jelsa skulemuseum og Rennesøy bygdemuseum manglar også slik liste. For gjenstandar som har kome inn i nyare tid, har det blitt ført aksesjons- eller tilvekstprotokollar. For gjenstandane på Barkeland og i Viga har ein hoppa over det første trinnet i registreringa og gått rett på skriving av katalogkort.

Ut frå dei enkle listene over gjenstandane i ei samling, har det blitt skrive eit eige katalogkort for kvar gjenstand. I dei fleste tilfelle er det brukt NKKM sitt standardkort på stivt papir. Korta vi har er anten maskinskrivne eller handskrivne. I mange tilfelle vart gjenstandane avfotograferte i samband med skriving av kort. Då vart fotoreferanse ført på, og, som oftast, ein kontaktkopi av bildet limt på kortet. Dette var lenge normen for god katalogisering av gjenstandar ved norske museum.

Med tida vart det aktuelt å gå over til edb-katalogar over gjenstandar. Det hadde den opplagde fordel at ein lett kunne søkja seg fram til opplysningar om alle gjenstandane som museet hadde av same slag, iallfall dersom innskrivinga var gjort på ein konsistent måte. For nyregistrering i dataalderen har ein oftast hoppa over skriving av NKKM-kort, og i staden gått direkte på innlegging av opplysningane i eit databaseprogram. I den første tida var det programmet Dataflex som vart brukt. Det vart avløyst av Regimus, som igjen har blitt bytta ut med Primus. Program-modulen for gjenstandsregistrering har felt for alle tenkjelege forhold ein kan ha opplysningar på om ein gjenstand, og digitalt foto av gjenstanden kjem opp i høgre hjørne i skjermbildet.

Etterslep

Trass i målretta innsats over fleire år på dete området har vi framleis eit betydeleg etterslep når det gjeld katalogisering av gjenstandar. 41 prosent av gjenstandane er ikkje katalogiserte i Primus, og 35 prosent er ikkje fotograferte.

Tabell 4: Etterslep for katalogisering og fotografering av gjenstandar ved Ryfylkemuseet.

| <u>Samling</u> | <u>Tal gjenst.</u> | <u>Ikkje av-fotograferte</u> | <u>Ikkje katalogisert i Primus</u> |
|--------------------------|--------------------|------------------------------|------------------------------------|
| Forsand bygdemus. | 700 | 700 | 700 |
| Sjøhuset i Bergevik | 500 | 500 | 500 |
| Viga | 2192 | 22 | 22 |
| Hjelmeland b.mus. | 1688 | 661 | 342 |
| Årdal b.mus. | 591 | 591 | 381 |
| Jelsa skulemuseum | 67 | 67 | 67 |
| Kvednahola | 44 | 44 | 44 |
| Li | 988 | 988 | 988 |
| Sauda museum | 1227 | 827 | 1041 |
| Finnøy b.mus. | 1700 | 31 | 1700 |
| BibMus, Rennesøy | 165 | 165 | 165 |
| Bakken | 100 | 100 | 100 |
| Mosterøy b.mus. | 455 | 455 | 455 |
| Kvitsøy hummermus. | 348 | 348 | 348 |
| Annan tilvekst 1981-2009 | 2772 | 612 | 535 |
| <u>Diverse Åmøy o.a.</u> | <u>635</u> | <u>635</u> | <u>635</u> |
| <u>Sum</u> | <u>19560</u> | <u>6746</u> | <u>8023</u> |

Vi ser at størstedelen av dei gjenstandane som ikkje er tilfredsstillande katalogiserte er å finna i bygdemusea. Nokon av dei har bra registrering på den gamle måten på arkivkort, andre manglar alt som heiter lister og katalogar.

Tiltaksplan for katalogisering av gjenstandar

1. Katalogisera innkomne gjenstandar i Primus etter kvart, inkludert merking og fotografering. Målsettinga er å vera ajour ved utgangen av kvart år.
2. Halda fram med katalogisering av gjenstandar i Primus for å ta igjen etterslepet. Digitalisera gjenstandsfoto der vi har dei i analog form.
Prioritert rekkefølge:
 - a. Tilvekst sidan 1993 (535 gjenstandar)
 - b. Jelsa skulemuseum (67 gjenstandar)
 - c. Hjelmeland bygdemuseum (342 gjenstandar)
 - d. Årdal bygdemuseum (381 gjenstandar)
 - e. Kvitsøy hummermuseum (348 gjenstandar)
3. Få på plass oppdaterte opplysningar om plassering av gjenstandane. (Hylleplassering i magasin Åmøy, samlingsrevisjonar bygdetuna)

Foto

Ryfylkemuseet har ei stor fotosamling på vel 95 000 foto. Dette fordeler seg på kulturhistoriske foto frå regionen, spesialsamlingar, egne opptak og gjenstandsfoto.

| | <u>Tal på foto</u> | <u>Herav digitalisert</u> |
|--|--------------------|---------------------------|
| Kulturhistoriske foto | | |
| Repro av innlånte originalfoto frå fire kommunar (Sauda, Suldal, Hjelmeland, Finnøy), svart-kvitt film | 8318 | 5878 |
| Digitale kopiar av innlånte originalfoto | 721 | |
| Originalfoto | 2821 11 860 | 757 |
| Spesialsamlingar | | |
| Alice Archer | 633 | 633 |
| Julius Bårdsen, Sand | 4100 | 491 |
| Heradsskogmester Kveim, Sauda | 2429 | |
| Gartnerhallen | 1242 | |
| Widerøe's Flyveselskap | 1035 | 413 |
| Suldalsposten, reportasjefoto | 11685 | |
| Bygningsvernprosjektet | 5177 | |
| Bunad- og folkedraktrådet | 503 | |
| Frå idé til næring | 519 | |
| Finn Johannesen, Stavanger | 10 000 | 231 |
| Suldal reiselivslag | 2461 39 784 | |
| Eigne opptak | | |
| svart-kvitt film | 8191 | |
| fargefilm | 386 | |
| dias | 10075 | |
| digitale foto | 10325 28 977 | |
| Andre digitale foto (Suldal reiselivslag) | | 4 131 |
| Gjenstandsfoto | | |
| svart-kvitt film | 3952 | |
| dias | 5398 | 8054 |
| digitale foto (originalt digitale) | 1311 <u>10 661</u> | |
| Sum | | <u>15 824</u> |

Alle foto er lagra i museet sitt arkiv. Negativar og dias frå repro, egne opptak og gjenstandsfoto er sette inn i plastlommer med oppheng og plassert i skuffer i kjølemagasin. Digitale foto er lagra på museet sin dataserer, der det blir teke jamnlege tryggingskopiar.

Reprofoto

Repro er avfotografering av eldre bilde. Museet dreiv på 1980- og 1990-talet fotoinnsamling i Suldal, Hjelmeland, Finnøy og Sauda i samarbeid med kulturetaten og andre gode krefter i kommunane. Dette var organisert på den måten at ein lånte bilde av privatpersonar, avfotograferte dei med reprokamera og leverte så originalane tilbake til eigar. Ryfylkemuseet sit med negativane etter avfotograferinga. Ein del foto har kome til også i åra etter den aktive innsamlingsperioden. I Suldal kommune har det kome til mange reprofoto i samband med skrivinga av bygdebøker for Sand og Erfjord. Fordelinga mellom kommunane er slik: Suldal har 3800 foto, Hjelmeland 2400, Finnøy 1436 og Sauda 682.

Mål for katalogisering av reprofoto:

Alle reprofoto skal vera katalogiserte i Primus med digital kopi av kvart bilde.

Tilstand for katalogisering av reprofoto

Museet har negativar av alle reprofoto i negativsamlinga. Under innsamlinga av foto vart det skrive ut ein blankett (standard frå Sekretariatet for fotoregistrering i A5-format) med opplysningar om bilda. Desse er arkiverte ved museet. Ut frå desse blankettane er det skrive fotokort på ein stor del av reprobilda og limt ein kontaktkopi av bildet på fotokortet. Fotokorta er standardkort frå Sekretariatet for fotoregistrering på stivt papir i A4-format. Dei vart skrivne i to eksemplar. Museet har det eine, den aktuelle kommunen har det andre. Opplysningar frå størstedelen av fotokorta er i tillegg lagde inn i dataprogrammet Primus (tidlegare Regimus), medan opplysningar om ein del andre foto er lagt direkte inn i dataprogrammet, utan å gå vegen om fotokort.

Maskinskrive fotokort med pålimt kontaktkopi av bildet var lenge normen for god katalogisering av reprofoto. I dag, i dataalderen, vil normen vera at opplysningar frå fotokortet er lagt inn i eit databaseprogram (Primus), og der er det også ein digital kopi av bildet. Når ein hentar fram eit Primus-skjema på skjermen, kjem det òg fram eit digitalt småbilde, som gir eit greitt inntrykk av motivet. Og ein kan også få opp ein større versjon av bildet i eit eige vindauge.

Fordelinga på registreringsmåte og kommune er slik:

Tabell 6: Reprofoto ved Ryfylkemuseet, fordelt etter katalogiseringsmåte og kommune.

| | Suldal | Hj.land | Finnøy | Sauda | Sum |
|------------------------------|--------|---------|--------|-------|------|
| Repro i alt | 3800 | 2400 | 1436 | 682 | 8318 |
| Laga fotokort m. kontaktkopi | 1592 | 2400 | 1233 | 326 | 5551 |
| Fotokort lagt inn i Primus | 1567 | 2344 | 1161 | 202 | 5274 |
| Herav m. dig. foto | 1265 | 452 | 0 | 0 | 1717 |
| Oppl. berre i Primus | 1361 | 0 | 197 | 60 | 1618 |
| Ikkje fotokort, ikkje Primus | 847 | 0 | 6 | 296 | 1149 |

Etterslep

Vi har då følgjande etterslep når det gjeld katalogisering av reprofoto:

Tabell 7: Etterslep ved katalogisering av reprofoto ved Ryfylkemuseet.

| | Suldal | Hj.land | Finnøy | Sauda | Sum |
|--|--------|-------------------|--------|-------|------|
| Fotokort manglar | 2208 | 0 | 203 | 356 | 2767 |
| Ikkje i Primus | 872 | 56 | 78 | 420 | 1426 |
| Digitalt foto manglar | 2535 | 0 | 1436 | 682 | 4653 |
| Digitalt foto finst, men ikkje lagt inn i Primus | 0 | 1948 ⁸ | 0 | 0 | 1948 |

Tiltaksplan for katalogisering av reprofoto

1. Digitalisera resten av reprobilda. Rekkefølge: Suldal, Finnøy, Sauda.
2. Fullføra katalogisering av alle reprofoto i Primus.
3. Gjennomgå og lesa korrektur på tidlegare fotoregistrering i Primus.
4. Gjennomgang og oppretting av person- og stadregisteret i Primus.

Digitale kopiar av innlånte foto

Avfotografering med reprojamera var den gamle måten å skaffa seg ein kopi av eit innlånt bilde på. Då sat museet att med ein negativ. I dei siste åra har dette skjedd ved scanning. Det innlånte bildet vert lagt på ein scanner og digitalisert, og museet sit att med ei digital bildefil, som vert lagra på serveren. Her har vi ved utgangen av 2010 vel 700 foto. Flesteparten av bilda i denne gruppa skriv seg frå bygdebokarbeidet for Erfjord.

Originalfoto

Avleverte eldre originale foto er ei diverse-gruppe. Det meste er papirbilde, som anten er innsette i albumar, står i glas og ramme eller ligg i mapper som lause papirbilde. Bilda fordeler seg på mange ulike tilvekstar. Ordninga er til dels mangelfull, og det er ofte dårleg med opplysningar til bilda. Her er også sju albumar, som inneheld ca. 500 postkort, mest prospektkort frå ulike stader i Norge, frå Sauda, Sand og Suldal. I 2010 starta arbeidet med gjennomgang og ordning av originalfoto i fotorakivet. Ein del foto som tidlegare ikkje var tilvektstførte, fekk ny tilvektstføring. Dette arbeidet må halda fram. Bilda må også digitaliserast og katalogiserast i Primus.

Større fotosamlingar som vi har fått som tilvekst er skilde ut som ei eiga gruppe, kalla spesialsamlingar. Skiljet går ved 500 foto. Dei samlingane som er større enn det, er plasserte under spesialsamlingane.

Spesialsamlingar

Vel 40 prosent av museet sine foto høyrer heime i 11 forskjellige spesialsamlingar. Vi skal gje ein kort omtale av spesialsamlingane.

Den største fotoskatten i Ryfylkemuseet sine samlingar er bilete etter den engelske kvinna Alice Archer. Ho var ein flittig amatør fotograf og tok mange bilete frå Sand, Suldal og andre stader i Ryfylke. Archerarkivet er også den eldste fotosamlinga ved Ryfylkemuseet. Alice

⁸ Blir ferdig digitalisert vinteren 2011.

Lima Hay Murray Archer (1855-1936) og familien hennar frå Storbritannia ferierte på Sand kvar sommar frå 1884 til første verdskrigen braut ut i 1914. Det var laksefisket i Suldalslågen som førte familien til Sand og Suldal. På Sand bygde dei ein større sommarvilla på Rophaug,. Ryfylkemuseet har sju albumar etter fru Archer med til saman 633 positivar. Samlinga er katalogisert, digitalisert og publisert på internett på Digitalt museum (www.digitaltmuseum.no)

Julius Bårdsen var bokhandlar på Sand. Han var ein ivrig fotograf og fotosamlar og hadde m.a. fotooppdrag for Rogaland Folkemuseum. Fotoarkivet etter han inneheld både svart-kvitt negativar og positivar, fargefilm negativar og positivar, samt dias. Dessutan er der positivar i sju albumar, innramma foto i ulikt format og ymse lause bilde. Samlinga er sett saman av 1601 svart-kvitt negativar, 903 svart-kvitt positivar, 150 fargenegativar, 108 fargepositivar, 825 diasar og ca. 500 positivar i rammer og albumar, til saman ca. 4100 foto. Alt bortsett frå den siste gruppa er plassert i plasthengemapper i eige arkivskap. Ordninga i skapet er alfabetisk etter emne, og det er utarbeidd ein katalog over emna med antal foto under kvart emne. Dei ca. 500 positivar i rammer og albumar manglar det noko fortegnelse over.

Heradsskogmester Asbjørn Kveim i Sauda har gitt ei stor diassamling til museet. Samlinga står i 33 diassboksar med to kassetar i kvar og tel i alt 2429 foto. Bilda ser ut til å skriva seg frå åra 1971-1981, og det er hovudsakleg naturbilde. Dei fleste er frå Sauda kommune, men nokre er tekne i tilgrensande område, mest Suldal kommune. Der er varierende merking på boksane. Tre boksar er merka Rogaland og Ryfylkeheiane. Ni boksar inneheld foto frå Sauda etter ei topografisk inndeling, og 19 boksar er merka kronologisk innanfor årstala 1979-1981. Ein ringperm som følgjer samlinga gir skjematiske opplysningar om når og kvar bilda er tekne.

Frå Gartnerhallen i Stavanger har museet fått ei samling diasar. Dei knyter seg til landbruksproduksjonar som Gartnerhallen var grossist for - drivhusproduksjonar, grønsaker på friland og fruktdyrking - og er for det meste frå andre halvdel av 1950-talet og fram til kring 1970. Diasane står i sju flate metallboksar, og samlinga tel 1242 foto. Det er ikkje noko katalog til samlinga, men opplysningar om dato og emne for dei fleste bilda er notert på diasrammene.

Museet har fått overdrege frå Suldal kommune samlinga av luftfoto som kommunen i si tid kjøpte frå Widerøe's Flyveselskap. Bilda er tekne i 1951, 1954 og 1962 og dekkjer dei fleste bygder i noverande Suldal kommune. Positivar av dei 426 bilda i svart-kvitt og farge er limte på fotokort, der det også står opplysningar om bilda. Fotokorta er plasserte i eigen skuff i fotoarkivet. Negativar (svart-kvitt i stort format, farge i ordinært format) er plasserte på sin kronologiske plass i negativarkivet. I 2005 fekk vi ein ein ny tilvekst på 513 flyfoto frå Suldal kommune. I tillegg til flyfotoa frå Suldal har museet fått deponert 96 negativar av flyfoto frå Widerøe frå Forsand kommune. Desse er tekne i 1951, 1956 og 1957. Dei står i ein arkivboks, og det er ikkje andre opplysningar til dei enn det som står på konvolutten som negativene ligg i.

Negativar av reportasjefoto frå Suldalsposten for tida februar 1978 til august 1990 er overdratt til museet. Samlinga omfattar negativar frå 345 svart-kvitt filmar. Filmane står i negativlommer i seks albumar og utgjer anslagsvis 11 685 foto. To albumar med 78 filmar, som dekkjer tida frå februar 1978 til desember 1979, er frå Roy Høibo si redaktørtid og er avlevert til museet av han. Resten er frå Hans Chr. Rygh si redaktørtid og er avlevert av han i 1997. Negativlommene er merka med månad og år, men elles er det ingen opplysningar om

bilda.

Ved Ryfylkemuseet pågjekk det i åra 1995-2001 eit omfattande prosjekt om byggeskikk og bygningsvern i Ryfylke. Etter prosjektperioden har arbeidet med bygningsvern blitt ført vidare ved museet, frå 2002 knytta til den nye stillinga som antikvar. Bygningsvernprosjektet har tilført museet eit stort dokumentasjonsmateriale, i form av registreringar, oppmålingar, intervju og ikkje minst foto. Det er tale om 4105 diasar og 1072 fargefoto, til saman 5177 opptak. Diasane er plasserte i plastlommer i hengemapper. Positivar av fargefotoa er plasserte i plastlommer i fire permar, medan negativane er i plastlommer i hengemapper. Alt er plassert i ein eigen avdeling i fotoarkivet. Opplysingar om bilda er godt registrerte i Primus. Men bilda er ikkje digitaliserte og digitalt foto såleis ikkje lagt inn i Primus.

Bunad- og folkedraktrådet gjennomførte ei registrering av gamle klesplagg rundt om i Suldal og Sauda i 1997-1998, i samarbeid med lokale organisasjonar. Ved museet er det kopi av registreringskorta (i A5-format) med pålimt fargebilde av klesplagget. Der er 403 kort frå Suldal og 100 frå Sauda. Registreringskorta står i plastkassetar.

Frå idé til næring var eit prosjekt som museet var engasjert i saman med samarbeidspartnarar. I samband med prosjektet vart det registrert eit utval av særeigne eldre gjenstandar i privat og museal eige kringom i Ryfylke. Dette resulterte i 301 NKKM-kort med opplysningar om gjenstandane med pålimt fargefoto. Katalogkorta står i to permar i arkivet. I tillegg er der 218 diasfoto av gjenstandane. Til saman utgjer altså samlinga 519 foto.

Fotosamlinga etter Finn Johannesen fekk Ryfylkemuseet formelt overdrege i 2010, etter å ha hatt samlinga til gjennomsyn eit par år. Finn Johannesen dreiv fotoforretning i Stavanger, var tilknytta Stavanger Turistforening og reiste mykje rundt om i Ryfylke og elles i Rogaland. Der er både negativar og positivar i samlinga, anslagsvis 4500 negativar og 5500 positivar. Negativane ligg for det meste i konvoluttar som er ordna etter nummer og har noko påskrift om innhaldet. Positivane ligg stort sett i konvoluttar utan ordning. Ein del av bilda har påskrift på baksida om innhaldet. Ein mindre del av dei positive bilda er digitaliserte.

I 2010 fekk vi også ei fotosamling frå Suldal reiselivslag, som deponi. Motiva er henta frå fjord til fjell rundt om i Suldal kommune og frå overnattingsbedrifter som tilbyr opphald til turistar. Her er 570 negativar, 841 diasar og 1049 papirfoto.

Tiltaksplan for originalfoto og spesialsamlingar

1. Ordna, digitalisera og katalogisera eldre originalfoto.
2. Ordna, digitalisera og katalogisera ca. 500 papirbilde i mapper og albumar i Bårdsen-samlinga.
3. Ordna fotosamlinga etter Finn Johannesen.

Eigne opptak

Museet sine tilsette har årleg fotografert mykje på reiser i regionen (og noko utanfor regionen), på befaringar, for å dokumentera museet sine bygningar og samlingar og verksemda ved museet. Pr. 2010 er det tale om kring 29 000 foto, fordelt på 8191 negativar i svart-kvitt, 386 negativar i farge og 10 075 dias og 10 325 digitale foto. Opplysningar om bilda vart til og med 2003 fortløpande førte inn i ein handskriven fotoprotokoll av den som har fotografert. Det varierer sterkt kor mange opplysningar der er til bilda i protokollen. Frå og med 2004 er rutinen at eigne opptak skal katalogiserast i Primus. Den som har teke bilda

og plasserer dei i sitt lagringsmedium (stort sett er det digitale bilde, som vert lagra på server), har også ansvar for katalogisering i Primus. Dette har vi ikkje makta å følgja opp, så her er det eit stort etterslep.

Mål for katalogisering av egne opptak:

Ryfylkemuseet skal ha ein databasert katalog over egne opptak tekne frå og med 2004.

Ein datakatalog med gode søkemuligheter vil letta arbeidet når ein skal finna fram til foto om bestemte emne.

Gjenstandsfoto

Fotografering av gjenstandar i museet sine samlingar inngår i det regulære arbeidet med å dokumentera gjenstandane. Om lag 3/4 av museet sine gjenstandar er avfotograferte, og negativar, diasar og digitale foto er plasserte på kronologisk plass i fotoarkivet. For den fjerdedelen av gjenstandane (knapt 5000 gjenstandar) som ikkje er avfotograferte, er det i tiltaksplanen for gjenstandssamlingane føreslått å føreta (digital) avfotografering samtidig som gjenstandane vert katalogiserte. Analoge foto må digitaliserast ved katalogisering i Primus.

Lydband

Museet har i alt 1076 nummer av lydmedia. Folkemusikkarkivet har 437, museet elles 639. I den sistnemnde gruppa er alt lydopptak i intervjusituasjonar. Opptaka er gjort i samband med bygdebokskriving for Suldal kommune og andre forskingsprosjekt. Lyden er lagra på kassetar, minidiskar og som digitale lydfile på server. Kassetar, minidiskar og lydfile er merka med eit nummer, og til kvart opptak er det ført opplysningar om tid, stad, intervjuobjekt, føremål m.m. på eit skjema (kalla Bandprotokoll, seinare Intervjuprotokoll) med same nummer. Dei fleste intervju finst det avskrifter av. Samla sett er lydbanda og avskrifter av dei godt ordna - på analogt vis. Derimot er søkemulighetene ikkje godt utvikla. Dersom ein hadde samla alle intervjuutskrifter i ein stor tekstbase, ville det ver enkelt å søke seg fram til informasjon om bestemte tema eller emneord.

Folkemusikkarkivet har i alt 437 lydmedia med opptak. Dette fordeler seg på 289 spoleband, 59 mc-kassetar, 82 dat-kassetar og 7 minidiskar. Videobanda er for så vidt også lydopptak, men er tekne med i eige avsnitt nedanfor. I skrivande stund er spolebanda og kassetane til digitalisering ved Norsk Lydinstitutt i Stavanger.

Frå og med 2008 er alle intervju i samband med ulike prosjekt ved museet gjort med harddiskopptakar. Ved utgangen av 2010 hadde vi 33 digitale lydfile med intervjuopptak lagra på server.

Videoband

Samlinga av video- og filmopptak er i alt på 157 nummer. Vi har fire historiske filmar frå Suldal, og 153 videogram lagra på ulike media. 55 knytter seg til folkemusikkarkivet, dei resterande 98 er for det meste dokumentasjonsopptak frå museet si verksemd og opptak i samband med ulike prosjekt. Vi har ein videoprotokoll (ringperm) med stikkordsmessige opplysningar om innhaldet på kvart videogram.

Privatarkiv

Privatarkivsamlings ved Ryfylkemuseet omfattar 122 arkiv som fyller om lag 77 hyllemeter. Dette er arkivmateriale frå firma, foreningar og enkeltpersonar i Ryfylke. Mesteparten av materialet skriv seg frå Suldal kommune. Åtte av avleveringa har blitt ordna, og dette utgjer 12 hyllemeter. Dei åtte er arkiv etter Johan Veka, Sand Meieri, Nils T. Bråtveit, 17.mai-komiteen på Sand, Sand Skytterlag, gardsarkiv for Ås i Sand, firmaarkivet til R & T Rasmussen, Sand og Hylsfjord Rutelag. Sand meieri og R & T Rasmussen er dei største arkiva, med 3,4 og 4,8 hyllemeter.

Mesteparten av dei andre arkiva har blitt grovordna i løpet av dei to siste åra i samband med flytting over i nytt arkivrom. Det gjenstår finordning, merking av arkivsakene og skiving av katalogar. Dette bør gjerast i arkivprogrammet Asta, og arkivkatalogane bør gjerast tilgjengelege over internett via Arkivportalen.

Dei største arkiva er arkivet etter Ryfylke folkehøgskule, anleggsarkiv etter Ulla-Førre-utbygginga (5,3 hyllemeter), teikningsarkiv frå arkitektfirmaet Helland og Aarreberg i Sauda (2 hm.), bygdebokarkiv for Jelsa etter Ola Foldøy (2 hm. grovordna), foreningsarkiv frå Sand Sanitetsforening (1,5 hm.), slektshistorisk materiale etter Ingemund Nes (1,2 hm.), foreningsarkiv for Jelsa bondelag (1 hm.).

Mål for katalogisering av privatarkivmateriale:

Privatarkiva skal vera godt ordna og merka. Arkivkatalogar skal skrivast i arkivprogrammet Asta og gjerast tilgjengelege over internett via Arkivportalen.

Tiltaksplan for katalogisering av privatarkiv

Det gjenstår finordning, merking og katalogskiving for størsteparten av privatarkivmateriale ved Ryfylkemuseet. Strengt tatt er det berre skiving av katalogar som er katalogisering, som er tema i denne planen, men utarbeiding av katalogar må gå hand i hand med finordning og merking av arkiva.

Prosjektarkiv

Ved Ryfylkemuseet har det blitt gjennomført mange prosjekt i løpet av den tida museet har vore til. Prosjekta har resultert i utstillingar og/eller publikasjonar. Det slike prosjekt har ført til i form av foto eller gjenstandar, er tilført fotoarkivet eller gjenstandssamlinga. Papirmateriale etter prosjekta er samla i ei eiga prosjektavdeling i arkivet. Samla sett utgjer dette om lag 28 hyllemeter i arkivet, og det er bygdebokarkivet i samband med skrivinga av gards- og ættesoger for Sand, Erfjord og Jelsa som utgjer det meste her, kring 14 hyllemeter.. Materiale frå arbeidet med Soga om Sand, kulturhistoria for strandstaden, utgjer rundt 1,5 hyllemeter. Materiale frå andre prosjekt fyller kring 12 hyllemeter i arkivet. Det gjeld følgjande prosjekt, som anten har resultert i utstillingar eller publikasjonar av ulikt slag: Då besta var ung, Skogbruk, Frukt- og bær dyrking i Hjelmeland, Ulla-Førre-utbygginga, Jelsa kyrkje, Suldal arbeidarparti, Sauda Fabrikkarbeiderforening 75 år 1999, Johan Veka-boka, Veksthusnæringa på Finnøy, Åbøbyen i Sauda, Kulturhistorisk vegbok for Ryfylke, Ryfylke – Liv og landskap, Ryfylkemat, bok om Hiimsmoen og biografi om Rasmus Løland. Vidare gjeld det SEFRAK-evaluering for Suldal kommune og dokumentasjonsprosjekta Dokument 2000, flyktingar i Ryfylke, Islam i bedehusland og fruktdyrking i Hjelmeland i notida.

Aviser og klipparkiv

Museet har årgangane av Sandsposten for 1959-1975 som lause aviser i to arkivboksar, komplette innbundne årgangar av Suldalsposten frå 1976 til 2009 og for Øyposten for åra 2000-2002. Vi har også eit tematisk ordna klipparkiv over avisartiklar som handlar om Ryfylke, og som dekker tidsrommet frå ca. 1980 og ei tid framover.

Folkemusikkarkivet

Folkemusikkarkivet vart ein integrert del av Ryfylkemuseet i 1992, etter å ha arbeidd med innsamling av folkemusikk- og folkedanstradisjonar frå Rogaland i ti år på prosjektbasis. Folkemusikkarkivet har ved utgangen av 2010 desse samlingane:

Lydmedia (også nemnde ovanfor under lydband og videoband totalt ved museet):

289 spoleband

59 mc-kassettar

101 dat-kassettar

7 minidiskar

55 videoband

Papirmateriale:

1052 notar registrert i lister (pluss ein del uregistrert).

940 tekstar (songtekstar, visebøker m.m.) registrert i lister (pluss ein del uregistrert).

Bakgrunnsmateriale (avisutklipp om folkemusikk m.m. og ein del uregistrerte notar og tekstar), ligg dels ordna i mapper, dels uordna i øskjer i arkivet. Noko er plassert i arkivskap på kontoret til folkemusikk-konservatoren, noko i arkivet i kjellaren. Opplysningar om ein del avisklipp, notar og tekstar er lagt inn i Regimus, under Boksamling (415 postar i alt).

Mål for katalogisering av folkemusikkarkivet:

Samlingane i folkemusikkarkivet, både lydmedia og papirmateriale, skal vere godt ordna og katalogisert i dataprogrammet FIOL.

Tabell 8: Tilstand katalogisering av lydopptak i Folkemusikkarkivet.

| Katalogiseringsnivå, stigande | Tal band | | | | | Sum |
|---|------------|-----------|----------|-----------|------------|-----|
| | Spole band | Dat kass. | Mc kass. | Mini disk | Video band | |
| Uregistrerte band | 2 | - | 3 | 1 | - | 6 |
| Reg. kun med bandnummer | 48 | 23 | 38 | 6 | 54 | 169 |
| Reg. m. bandnummer og bandlister | 239 | 78 | 23 | - | 1 | 341 |
| Avsnitta på banda registrert, manuelt, på skjema | 51 | - | - | - | - | 51 |
| Avsnitta på banda registrert, elektronisk, i FIOL | 167 | 10 | - | - | - | 177 |
| Band i alt | 289 | 101 | 59 | 7 | 55 | 511 |

Så godt som alle band er merka med bandnummer. For størsteparten av banda er det skrive bandlister, med opplysningar om kva innhald det er på banda. Det neste trinnet i katalogiseringa er å skrive alle opplysningar om kvart avsnitt (kutt) på bandet på eit eige skjema. Lenge vart det gjort manuelt, med skrivemaskin. I dag vert det gjort elektronisk, i

dataprogrammet FIOLO, som er utvikla spesielt for føremålet. Her har ein ikkje kome så langt i veg. Ti prosent av banda er registrerte på ”gamlemåten”, med maskinskrivne skjema for kvart avsnitt. For om lag tredjedelen av banda er opplysningane om kvart avsnitt lagt inn i FIOLO. Etterslepet er såleis betydeleg, som det går fram av neste tabell.

Etterslep

| | Tal band | | | | | Sum |
|----------------------------|---------------|--------------|-------------|--------------|---------------|-----|
| | Spole band | Dat kass. | Mc kass. | Mini disk | Video band | |
| Ikkje skrive bandlister | 50 | 23 | 41 | 1 | 54 | 169 |
| Ikkje avsnittsreg. i FIOLO | 122 | 91 | 59 | 7 | 55 | 334 |

Det er ønskeleg å skrive bandlister over dei banda som ikkje har det, etter ei prioritert rekkefølge. Det store målet for god katalogisering av lydbanda i folkemusikkarkivet, er å få lagt opplysningane inn i dataprogrammet FIOLO. Her er mykje enno ugjort.

Papirmaterialet – tilstand katalogisering og etterslep

Mesteparten av notar, tekstar og avisklipp om folkemusikk er ordna og registrert på enklaste nivå (bandlistenivå), men også her er det eit etterslep. Omfanget er noko vanskeleg å anslå, men truleg ligg det på kring fjerdeparten av det registrerte. Her er også ein del uregistrerte foto.

Tiltaksplan for katalogisering ved folkemusikkarkivet

1. Skrive bandlister (innhaldslistar) for prioriterte band.
2. Registrering av avsnitt på band i FIOLO. Realistisk progresjon er truleg to band pr. dag. Det vil altså trengast kring 170 dagsverk, eller 34 vekeverk, for å få gjort dette skikkeleg for alle dei 334 banda. Noko er det muleg for konservatoren ved folkemusikkarkivet å gjera sjølv. Men skal ikkje arbeidet ta altfor lang tid, bør det, dersom det kan skaffast finansiering, engasjerast ekstrahjelp til arbeidet.
3. Registrering i FIOLO av uregistrerte notar, tekstar, avislipp o.a. samt det som er registrert tidlegare på bandlistenivå.

Oversyn over tiltak for katalogisering 2011-2014

| <u>Gjenstandar</u> | <u>Omfang</u> | <u>Utføring</u> |
|---|--|-----------------|
| 1. Katalogisera innkomne gjenstandar i Primus etter kvart, inkludert merking og fotografering. Målsettinga er å vera ajour ved utgangen av kvart år. | Gjerast fortløpande av arkivar. (1 vekeverk pr. år) | |
| 2. Halda fram med katalogisering av gjenstandar i Primus for å ta igjen etterslepet. Digitalisera gjenstandsfoto der vi har dei i analog form. Fotografera med digitalt kamera der vi manglar gjenstandsfoto. Prioritert rekkefølge: | | |
| a. Tilvekst sidan 1993 (535 gjenstandar, 40 gjenst. pr. dag) | 3 vekeverk | |
| b. Jelsa skulemuseum (67 gjenstandar) | 1 vekeverk | |
| c. Hjelmeland bygdemuseum (342 gjenstandar) | 3 vekeverk | |
| d. Årdal bygdemuseum (381 gjenstandar) | 3 vekeverk | |
| e. Kvitsøy hummermuseum (348 gjenstandar) | 3 vekeverk | |
| 3. Få på plass oppdaterte opplysningar om plassering av gjenstandane. (Hylleplassering i magasin Åmøy, samlingsrevisjonar bygdetuna) | 4 vekeverk | |
| <i>Sum gjenstandar</i> | <i>17 vekeverk</i> | Reg. arb.kraft |
| <u>Reprofoto</u> | | |
| 1. Digitalisera resten av reprobilda. Rekkefølge: Suldal, Finnøy, Sauda. | Kjøpt teneste. Kostnad 50 000 kr. | |
| 2. Fullføra katalogisering av alle reprofoto i Primus. (1426 foto, ca. 30 pr. dag) | 10 vekeverk | Ekstrahjelp |
| 3. Gjennomgå og lesa korrektur på tidlegare fotoregistrering i Primus. | 4 vekeverk | Reg. arb.kraft |
| 4. Gjennomgang og oppretting av person- og stadregisteret i Primus. | 6 vekeverk | Reg. arb.kraft |
| <i>Sum reprofoto</i> | <i>20 vekeverk</i> | |

Originalfoto og spesialsamlingar

| | | |
|---|--------------------|----------------|
| 1. Ordna, digitalisera og katalogisera eldre originalfoto. (2821 stk., 30 pr. dag) | 20 vekeverk | Ekstrahjelp |
| 2. Ordna, digitalisera og katalogisera ca. 500 papirbilde i mapper og albumar i Bårdsen-samlinga. | 4 vekeverk | Reg. arb.kraft |
| 3. Ordna fotosamlinga etter Finn Johannesen. | 3 vekeverk | Reg. arb.kraft |
| <i>Sum originalfoto og spesialsamlingar</i> | <i>27 vekeverk</i> | |

Privatarkiv

| | | |
|--|--------------------|----------------|
| Finordning, merking og katalogskrivning av privatarkivmaterialet | 20 vekeverk | Reg. arb.kraft |
| <i>Sum privatarkiv</i> | <i>20 vekeverk</i> | |

Folkemusikkarkivet

| | | |
|---|--------------------|---|
| 1. Skrive bandlister (innhaldslister) for prioriterte band. | 2 vekeverk | Reg. arb.kraft |
| 2. Registrering av avsnitt på band i FIOL. | 34 vekeverk | Reg. arb.kraft (10 v.) Ekstrahjelp (24 v.) |
| 3. Registrering i FIOL av notar, tekstar, avisklipp o.a. | 2 vekeverk | Reg. arb.kraft |
| <i>Sum folkemusikkarkivet</i> | <i>38 vekeverk</i> | |

TOTALSUM*122 vekeverk*

Samandrag arbeidsomfang 2011-2014

| <u>Katalogisering av</u> | <u>Utført av tilsette</u> | <u>Utført av ekstrahjelp</u> |
|--------------------------|---------------------------|------------------------------|
| Gjenstandar | 17 veker | |
| Foto | 17 veker | 30 veker |
| Privatarkiv | 20 veker | |
| Folkemusikkarkivet | <u>14 veker</u> | <u>24 veker</u> |
| Til saman | <u>68 veker</u> | <u>54 veker</u> |
| Arbeidsomfang i alt | <u>122 veker</u> | |

Denne planen inneber ei ambisiøs satsing på katalogisering i åra framover. Skal vi få gjort alt som står her, vil det trengast vel tre årsverk, om vi reknar eit netto årsverk til 40 veker.

For tilsette ved museet er det sett opp eit omfang på 68 vekeverk, det vil seia 17 veker pr. år i fireårsperioden 2011-2014. Dei som er aktuelle i staben til å gjera dette arbeidet, er arkivaren, den samlingsansvarlege konservatoren og konservatoren ved folkemusikkarkivet. Arkivaren vil måtte gjera storparten av det skisserte arbeidet med gjenstandar, foto og privatarkiv. Men på ein del av oppgåvene vil det vera praktisk å vera to, arkivar og samlingsansvarleg konservator, som arbeider i lag. Og for visse oppgåver, t.d. gjennomgang og korrekturlesing på tidlegare fotoregistrering samt oppretting av person- og stadregisteret i Primus, har samlingsansvarleg konservator best førsetnader for å gjera jobben.

Forsøksvis er det for arkivaren sett opp 10 vekers arbeid med katalogisering av gjenstandar, 6 med foto og 20 med privatarkiv, til saman 39 veker. For samlingsansvarleg konservator er det sett opp 7 veker på gjenstandar og 11 med foto, til saman 18 veker. Skal dette kunne bli gjennomført, må dette arbeidsfeltet bli høgt prioritert i arbeidsplanane for desse stillingane dei komande åra. Ved Folkemusikkarkivet er det sett opp 14 vekers arbeid med katalogiseringoppgåver for konservatoren. Det burde vera overkommeleg inannfor ein fireårsperiode.

Det er tenkt at vel 40 prosent av det planlagde arbeidet med katalogisering i åra framover skal gjerast av innleigd arbeidshjelp. Skal dette bli noko av, vil vi trenga ekstra finansiering. For at arbeidet skal bli gjort på ein god måte, er vi også avhengige av å finna folk som er skikka til slikt arbeid.